



RIKSANTIKVAREN

Postboks 1483 Vika

0116 OSLO

Team kulturarv

Vår dato: 27.06.2024

Deres dato:

Vår referanse 24/06183-7

Deres referanse:

Vår saksbehandler: Frida Aakervik Berg

Høyringssvar frå Telemark fylkeskommune – Riksantikvarens forslag til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø

Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø har vorte politisk handsama i følgande utval:

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovedutvalg for kultur, reiseliv og frivillighet	28.05.2024	46/24
2 Hovedutvalg for næring, industri og klima	29.05.2024	58/24
3 Fylkesutvalg	05.06.2024	66/24
4 Fylkestinget	12.06.2024	90/24

Innstillinga frå fylkesdirektøren vart einstemmig vedteken i alle utval og fylkesting. Det vart gjort følgande vedtak:

1. Vedlagte forslag til høyringsuttale vert vedtatt og vert sendt til Riksantikvaren.
2. Telemark fylkeskommune støtter det vidare arbeidet med bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø, og peiker i denne høyringa særskilt på:
 - a. Telemark fylkeskommune meiner at resultatløala og tiltaka er ambisiøse og vil krevje stor statleg innsats og koordinering av økonomi og administrasjon på tvers av sektorar.
 - b. Det følgjer ikkje handlingsdel med verkemedel til strategien. Det bør bli utarbeida ein handlingsplan med konkrete tiltak og økonomiske rammer for å sikre gjennomføring og relevans.
 - c. Strategien ber preg av lite omsyn til innsatsområdet bevaring av kulturminne - særleg dei arkeologiske kulturminna. Om dette ikkje vert betra i den ferdige strategien, meiner vi at Riksantikvaren bør prioritere å utarbeide ein eigen strategi for arkeologi.
 - d. Telemark fylkeskommune støttar ideen om å kartlegge og vise gode døme på ombruk av bygningar i landbruket.
 - e. Dei freda bygningane er i liten grad omtalt i strategien, og har heller ikkje eigne tiltak eller mål, noko Telemark fylkeskommune meiner er ein stor mangel når strategien skal erstatte bevaringsprogramma. Fleire av desse vart freda utan

- omsyn til kulturmiljøet og landskapet rundt. Her ligg det kulturmiljøfaglege utfordringar som strategien burde ta tak i.
- f. Vilkåra for berekraftig drift må vere til stades. Verkemidla til å drive *og* ivareta må vere på plass. Tradisjonell prosjektfinansiering som no er dominerande i kulturmiljøforvaltninga er ikkje tilstrekkeleg som verkemiddel.
 - g. Telemark fylkeskommune stiller spørsmål ved om det er rett å prioritere den rauden låven som einskild bygningstype innafor landbrukshistoria så høgt. Telemark fylkeskommune tilrår at ambisjonsnivået for den rauden låven vert konkretisert og avgrensa basert på kulturmiljøfaglege vurderingar som tek omsyn til landskap og kontekst, samt praktiske og økonomiske rammer.
 - h. Det bør vere eit eige tiltak å arbeide for å auke tilskotsordninga for utgraving av automatisk freda kulturminne i mindre private tiltak.
 - i. Telemark fylkeskommune støttar tiltaket som handlar om samarbeid med forvalting, næring og eigarar om arveskog og bruk av kvalitetsvirke. Tilgangen til kvalitetsvirke er avgjerande for ivaretaking av bygde kulturminne.
 - j. Telemark fylkeskommune oppmodar Riksantikvaren om å ta ansvar for å ta i bruk kunstig intelligens (CultSearcher) for automatisk deteksjon av kulturminne frå LIDAR-data. Kunstig intelligens vil vere eit effektivt verktøy for å kartlegge ein del kulturminne i skogen og effektivisere og styrke samarbeidet mellom kulturmiljøforvaltninga og hogstnæringa

Høyringssvar

Telemark fylkeskommune meiner tematikken er viktig, og at det er positivt at strategien legg opp til å sjå på problemstillingar på tvers av ulike sektorar. Deltema og deira utfordringar er lette å kjenne att frå kvar dagen, og trekker etter vårt syn opp sentrale problemstillingar. Samstundes meiner fylkeskommunen at det står mykje att før strategien vil fungere som eit verktøy for innsats og engasjement knytt til landbrukets kulturmiljø.

Generelt

Til kvart deltema er det gitt resultatmål og døme på tiltak for å nå desse. Desse resultatmåla og tiltaka er ambisiøse og vil krevje stor statleg innsats og koordinering av økonomi og administrasjon på tvers av sektorar. Særleg der det er lagt vekt på verdiskaping og utvikling vil dette krevje ein stor innsats. Det følgjer ikkje handlingsdel med verkemedel til strategien. Ein handlingsdel er naudsynt for å sikre gjennomføring og gjøre strategien relevant. Utan at det følger verkemiddel til tiltaka er det ikkje realistisk å nå resultatmåla. Samordning av eksisterande tilskotsordningar vil kunne løyse ein del, men ikkje nok.

Avgrensinga opp mot dei ulike aktørane er uklar. Det er viktig at roller og avgrensingar er på plass når tiltaka skal utformast.

Når det gjeld kapasitet til oppfølging frå den regionale kulturmiljøforvaltninga gjeld same innspel som for kyststrategien:

Strategien legger til grunn at ulike forvaltningsnivåer og sektorar skal samarbeide med private eiere og forvaltere og andre private aktører om vern og bruk av kulturmiljø. Videre

skal fylkeskommunen og Sametinget være sentrale aktører på regionalt nivå. Strategien legger også til grunn at det regionale forvaltningsnivået skal ha et hovedansvar for å initiere og koordinere tiltak og aktivitet i fylkene, avklare virkemiddelbruk og sikre en god forvaltning av kulturmiljøer. Videre skal det regionale nivået ha ansvar for å fordele statlige tilskuddsmidler, og stimulere til utvikling og vekst. Samlet sett medfører dette en forholdsvis stor oppgaveportefølje for det regionale nivået og behov for økt kapasitet i fylkeskommunen.

Om regionalforvaltninga med bevaringsstrategiane er forventa å drive med utvida utviklingsoppgåver - utan at det kjem med nye ressursar, vil det kunne gå utover lovpålagte oppgåver.

Særleg om bevaring og arkeologi

I tråd med stortingsmeldinga er det lagt vekt på kulturmiljø som ressurs og middel for utvikling i samfunnet. Telemark fylkeskommune meiner ei slik tilnærming er sentral for å stadfeste kulturmiljøforvaltninga si plass saman med miljøforvaltninga elles. Samstundes er kulturmiljøforvaltninga sitt verkeområde i hovudsak knytt til ivaretaking av freda kulturminne, der mange av desse - særleg dei arkeologiske, ikkje kan bli brukt etter ombruk. Kulturminna er kjelder til kunnskap og oppleveling for oss og kommande generasjonar. Det er difor viktig at strategiane, som no skal erstatte bevaringsprogramma, gjer forvaltninga i stand til å jobbe innanfor ramane til kulturminnelova. Det er slik strategien føreligg no ukjart kva nytte den vil ha som verktøy i den daglege forvaltninga.

Automatisk freda kulturminne har i stor grad utforma landbrukets kulturmiljø. Desse omfattar alt frå gamle gardsbruk og buplassar til gravhaugar, og gjev uvurderleg innsikt i korleis tidlegare generasjonar har drive jordbruk og forvalta naturressursar. Dei fungerer som konkrete spor etter fortidas jordbrukspraksisar og formidlar historia om teknologisk utvikling, samfunnsstruktur og livsstil gjennom årtusen. Forståing og ivaretaking av desse kulturminna er essensielt for å ivaretaka kulturarven og sikre at komande generasjonar kan oppleve desse historiske landskapa. Difor bør arkeologien ha ein framståande rolle i strategien for landbrukets kulturmiljø.

Det er viktig at automatisk freda kulturminne i størst mogleg grad vert ivareteken som kjelder til kunnskap og oppleveling for komande generasjonar, heller enn å bli forsøkt sikra gjennom utgraving. Sjølv om utgravingar kan gje viktig informasjon og kunnskap, inneber det også at dei fysiske restane vert fjerna frå si opphavlege kontekst. Ved å ivareta kulturminna på staden, kan vi sikre at dei fortsett å vere ein integrert del av landskapet og tilby direkte, autentiske opplevelingar.

Det er mellom anna i den samanheng avgjerande å investere meir tid og ressursar i bruken av georadar som eitt av fleire verktøy for å identifisere automatisk freda kulturminne under bakken. Dette vil gje forvaltninga, eigarane og drivarane ei oversikt, og moglegheit til tilpassing av tiltak for å skåne kulturminne utan at dei vert greven ut og øydelagd for framtida. Metoden er kostbar, og med dagens økonomiske rammer er det i liten grad mogleg å dekke utgiftene til denne metoden.

Skjøtsel av landbrukets kulturmiljø speler ein kritisk rolle i denne samanhengen. Det inneber ikkje berre vedlikehald av dei fysiske strukturane, men òg tilpassing av moderne landbrukspraksis for å sikre at kulturminna ikkje vert skadd eller øydelagd. Dette kan inkludere tiltak som å unngå djuppløying nær arkeologiske funnstader, beskytte gamle steingjerde og halde ved like tradisjonelle landskapsformer.

Ved å integrere arkeologisk kunnskap i skjøtselspraksis og bevaringsstrategiar, kan vi sikre at landbrukets kulturmiljø framleis er ein levande del av landskapet. Dette bidreg til å oppretthalde ein rik og mangfaldig kulturarv, som både noverande og komande generasjonar kan lære av og glede seg over. Difor er det avgjerande at vi prioriterer bevaring av automatisk freda kulturminne som ein integrert del av strategien for landbrukets kulturmiljø i større grad enn det gjer no.

Strategien ber preg av lite omsyn til innsatsområdet bevaring av kulturminne - særleg dei arkeologiske. Om dette ikkje vert betra i den ferdige strategien, meiner Telemark fylkeskommune at Riksantikvaren bør prioritere å utarbeide ein eigen strategi for arkeologi.

Deltema 1 – bygningar i jordbruket

I dette deltemaet stiller Telemark fylkeskommune spørsmål ved nokre av prioriteringane og meiner at resultatmåla og tiltaka er særstak ambisiøse og vil krevje stor statleg innsats og koordinering av økonomi og administrasjon på tvers av sektorar.

Telemark fylkeskommune støttar ideen om å kartlegge og vise døme på ombruk av bygningar i landbruket. I tillegg til dei nemnde aktørane i dette deltemaet kan universitetssektoren og særleg utdanninga for arkitektur vere nyttige samarbeidspartar. Interesseorganisasjonar som til dømes Norsk Seterkultur med fleire kan vere nyttige partar for å nå ut til aktive drivarar av stølsanlegg.

I Telemark og landet elles, har mange av dei *freda* kulturminna tilknyting til landbruket og vert ivaretaken etter fredingsføresegn. Dei freda bygningane er i liten grad omtala i strategien, og har heller ikkje eigne tiltak eller mål, noko fylkeskommunen meiner er ein stor mangel når strategien skal erstatte bevaringsprogramma. Fleire av desse vart freda utan omsyn til kulturmiljøet og landskapet rundt. Her ligg det kulturmiljøfaglege utfordringar som strategien burde ta tak i. Dersom eventuelt nye tilskotsordningar skal koplast til strategiane bør dei freda bygga vere meir synleg prioritert.

Vilkåra for berekraftig drift må vere til stades. Samfunnet kan ikkje forvente at eldsjeler driv seterbruk eller lager låvegalleri på dugnad/idealisme. Med andre ord: politikken og verkemidla til å drive *og* ivareta må vere på plass.

Telemark fylkeskommune stiller spørsmål ved om det er rett å prioritere den raude låven som einskild bygningstype innafor landbrukshistoria så høgt. Vi tilrår at ambisjonsnivået for den raude låven vert konkretisert og avgrensa basert på kulturmiljøfaglege vurderingar som tek omsyn til landskap og kontekst, samt praktiske og økonomiske rammer.

Siste tiltaket om tilskotsordningar under bevaring og bruk verkar passivt når det skal «vurdere» samordning av tilskotsordningar. Dette er ein såpass viktig del av strategien at det må vere meir spissa. For dei som søker om tilskot, ofte til ideelle tiltak, må ein no sjonglere mellom ulike ordningar med ulike krav. Her har staten ein nøkkelrolle i å forenkle dette arbeidet, og strategien bør ha dette som eit klart tiltak.

Deltema 2 – Jordbrukslandskapet

Telemark fylkeskommune støtter prioriteringane under deltemaet, men ser at det krev store økonomiske løft og auka kapasitet og koordinering i forvaltninga.

For å halde kulturlandskapet i hevd, er drifta avgjerande. Om det ikkje er beitedyr på setra, eller drift av jorda vil både landskap, kulturminne og biomangfald gå tapt til attgroing. Også her er å stimulere til *drift* for ivaretaking av kulturlandskap eit tiltak som bør med i strategien. Dette gjeld både for seterbruk og generell landbruksdrift. Tradisjonell prosjektfinansiering som no er dominerande i kulturmiljøforvaltninga er ikkje tilstrekkeleg som verkemiddel.

Bevaring av automatisk freda kulturminne i mindre private tiltak møter store økonomiske utfordringar. Den noverande finansieringsramma for registrering og utgraving av slike kulturminne er ikkje tilstrekkeleg, hindrar effektiv forvaltning og kan føre til tap av verdifulle kulturminne. Bevaringsstrategien tek tak i denne problemstillinga og erkjenner behovet for auka ressursar. Å arbeide for å auke tilskotsordninga for utgraving i mindre private tiltak bør difor vere eit eige tiltak.

Etablering av eit overvakingsprogram for automatisk freda arkeologiske kulturminne innanfor landbrukets kulturmiljø vil vere eit viktig steg mot å bevare desse kulturminna. Programmet vil ha som føremål å overvake tilstanden til kulturminna og identifisere eventuelle truslar eller skadar som kan oppstå over tid. Gjennom systematisk registrering og analyse av data kan ein utvikle målretta strategiar for å verne og ivareta desse unike kulturminna for komande generasjonar, samstundes som ein kan møte jordbruksnæringa i diskusjonen om utvikling.

Tiltaket «Identifisere de viktigste automatisk fredete kulturminnene som er truet av moderne jordbruksdrift med tanke på å sikre dem ved arkeologiske undersøkelser eller bevaring på stedet» er uklart, og inneber at det skal rangerast kva kulturminnetype som er viktigast, og at andre ikkje skal bli prioritera. Kva skal i så fall vere viktigast? Tiltaket i seg sjølv inneber eit stort arbeid knytt til registrering og identifisering, og bør bli utgreidd og avklara før det vert satt inn som tiltak i ein bevaringsstrategi.

Det er elles fleire tiltak og resultatmål som krev store økonomiske løft og auka kapasitet i forvaltninga. Det trengs og ein gjennomgang av manglar i eksisterande regelverk og krav, både i jord- og skogbruket. Ei auke i tilskot til sikring av automatisk freda kulturminne i jordbrukslandskapet vil, til dømes, bidrage til å sikre kulturminneverdiar som kjelder til kunnskap og oppleveling, og redusere konfliktane med aktiv landbruksdrift.

Deltema 3 – Kulturmiljø i skog

Telemark fylkeskommune støtter prioriteringane under deltemaet. Det er samanfallande interesse på «tvers» av automatisk freda kulturminne, kvalitetsvirke og naturvern for meir skånsam og planlagd uttak av skog.

Tilgangen til kvalitetsvirke er avgjerande for ivaretaking av bygde kulturminne, og vi støtter tiltaket som handlar om samarbeid med forvaltning, næring og eigarar om arveskog og bruk av kvalitetsvirke. Også her må det komme økonomiske incentiv for å sikre interesse hjå skogeigarar. Telemark fylkeskommune meiner det bør komme tiltak som går på samordning og innføring av tilskot til skogsforvaltning med sikte på å etablere arveskog og skånsamt uttak. Her kan ein sjå til ordninga med frivillig skogvern.

Telemark fylkeskommune foreslår ei utviding av resultatmålet «tilgangen på kvalitetsvirke er styrka» med å legge til: «(...), det er sett av større areal til arveskog og skogbruksnæringa har større kunnskap om plukkhogst».

Det er fornuftig å inkludere utdanningsløpet i å identifisere kvalitetstømmer. Telemark fylkeskommune tilrår difor følgande tillegg i siste tiltaket under oppleving og engasjement «(...) med sikte på at kulturmiljø og identifisering av kvalitetsvirke i skog blir del av utdanningsløpet».

Det er positivt at strategien famnar om til dømes anlegg for tømmerfløyting som fylkeskommunen peika på som ein mangel i strategien for kystens kulturmiljø.

Strategien tek tak i utfordringa med mangelfull registrering og kartlegging av kulturminne i skogen. Her er det viktig å samarbeide tett med hogstnæringa for å sikre at registrering av automatisk freda kulturminne vert ein integrert del av deira arbeid, til dømes med deling av hogstplanar. Bevisstgjering og tilbod om opplæring og resursar for å identifisere og rapportere funn under hogst kan vere eit godt bidrag.

Telemark fylkeskommune vil i tillegg oppmode Riksantikvaren om å ta ansvar for å ta i bruk kunstig intelligens (CultSearcher) for automatisk deteksjon av kulturminne frå LIDAR-data. Kunstig intelligens vil vere eit effektivt verktøy for å kartlegge ein del kulturminne i skogen og bidra til å effektivisere og styrke samarbeidet mellom kulturmiljøforvaltninga og hogstnæringa. Ved å nytte kunstig intelligens kvar gong det publiserast ny LIDAR-data, vil kulturminne-forvaltninga kunne oppdage og dokumentere ein del kulturminne raskt og nøyaktig. Resultata av desse søka kan deretter publiserast i Askeladden. Dette vil gje ein omfattande og oppdatert oversikt over kulturminne i skogen, som igjen vil bidre til betre forvaltning og ivaretaking av kulturarven. Med samarbeid og bruk av effektive verktøy som kunstig intelligens, kan vi styrke kunnskapen om kulturminne i skogen og sikre at den vert ivareteken for komande generasjonar.

Med helsing

Eystein Andersen

Teamleiar

Seksjon for kultur

Frida Aakervik Berg

frida.aakervik.berg@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.